

Hundre på storbandkonsert



Allsidig dirigent: Arild B. Nielsen er ikkje "berre" dirigent. Han meistrar også mange instrument.



Lokal solist: Arne August Vik frå Jondal var solist.

Arrangørane måtte setja fram ei ekstra stolrekkje for å få plass til alle som ville ha med seg laurdagens storbandkonsert på Jondal skule.

Rundt hundre personar fekk med seg konserten. Dei frammøtte fekk heile to timar med alt frå fyrige cha cha- og latinorytmar til kjende musikalsongar og balladar.

Fyrst framførde konsertarrangør Hardanger big band, under leiing av Arild B. Nielsen, eit knippe låtar med Arne August Vik som vokalist. Til dei som ikkje kjenner til jondølingen si stemmeprakt, er det berre éin ting å seia: Mannen må rett og slett opplevast. Spesielt flotte framføringar var *Beyond the sea* frå familiefilmen *Finding Nemo*. Gåsehuda gjorde seg òg i

høg grad gjeldande under tolkinga av George Michael-klassikaren *Careless whisper*.

Etter ein liten pause med kaffi, kaker og loddsal fekk Paradis big band visa litt av repertoaret sitt. Bandet frå Fana har ein tydeleg lågare snittalder enn Hardanger big band, og trass i at nokre av medlemene ikkje har spela saman så lenge som hardingane, serverte dei gneistrande god storbandmusikk med flotte soloar og knirkefritt samspel under leiing av dirigent Geir Harald Knutsen.

Etter utdeling av loddvinstar var det klart for to fellesnummer med dei to storbanda. Dette var ei konsertoppleving som såg ut til å gå heim hjå både liten og stor.

Gro Heidi Åsen Molland